

12.06.2020

Butikkar samarbeider til glede for kundane.



I dag kan vi få kjøpt flotte peone- og rosebukettar på Spar Uskedalen.

**Uskedalen er heldige med butikkane sine. Dei er ikkje så mange, men dei har det til felles at dei skorar høgt både på service og kvalitet. Kundane er alltid i sentrum. På handleturen i dag oppdaga vi eit nytt tilbod. Det er igjen mogeleg å få kjøpe blomsterbukettar på SPAR. Det er resultat av eit nytt kjekt tilbod til beste for kundane, og det eit samarbeid mellom Gros Blomster og Spar Uskedalen.**

Like ved kassane står flotte, forlokkaende rose- og peonebukettar og lyser mot kundane i sine vakre fargar. Dagleg leiar ved Spar Uskedalen, Gunn Mari Moberg, kan fortelja at det er første dag med dette tilboden.

- Vi har hatt ein del spørsmål etter bukettar, og derfor er det kjekt for oss å kunne ha dette tilboden. Dermed kan travle kundar få kjøpt ein bukett medan dei er i butikken. Har dei betre tid, kan dei ta den korte vegen opp til Gros Blomster som alltid har mykje veldig fint. Dette er ein 'liten butikk i butikken'. Kunden kan finne seg ein bukett, og så kan dei betale med vippes direkte til Gros Blomster. Dermed har vi eit ekstra tilbod, men vi har ikkje noko arbeid med betalinga, forklarer Gunn Mari fornøgd om korleis tilboden fungerer. Eit anna moment er at på denne måten kan vi kjøpe bukettar på Spar seint på kvelden.

På spørsmål om det vert ein fast tilbod, svarar ho at ho håpar at kundane set pris på det, og då forstår vi at tilboden vil halde fram.

Spar Uskedal hadde tidlegare blomar i vareutvalet sitt, men då Gro Hjelmeland starta blomebutikken sin, valde Spar å avslutta denne varegruppa for å støtte opp om den då nystartade blomsterbutikken. No er altså blomar tilbake på Spar, men den nye varianten er ein 'vinn vinn'-situasjon til beste for begge butikkane og kundane deira.

Det er kjekt å vera vitne til dette samarbeidet. Spar Uskedalen har også ved andre høve vist at dei ved å redusera konkurranse til andre forretningsdrivande vert den samla servicebransjen i bygda sterkare. Vi hugsar

at då Elin Enes starta med cateringstilbod, avslutta Spar Uskedalen sine leveringar. Slike samarbeidshaldningar er utan tvil ein styrke for det samla servicetilbodet i bygda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.